HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Informasjonstryggleik - krav til tilsette

Innleiing

Hordaland fylkeskommune (HFK) er forplikta til å kontrollere risiko og sikkert handtere informasjon og tekniske ressursar. Når du får tilgang til desse ressursane (informasjon, applikasjonar og utstyr), vert du samstundes tillagt eit ansvar for informasjonstryggleiken i HFK. Vi deler alle dette ansvaret for å verne om konfidensialitet, integritet og tilgjenge i den informasjon vi handsamar, og tryggleiken i det tekniske utstyret som nyttast. Alle brukarar av våre ressursar må vere medvitne om sine rollar og sitt ansvar.

Brukarnamn og passord

Som brukar er du sjølv ansvarleg for all bruk som vert gjort med ditt brukarnamn. Ved fråvær frå arbeidsplassen skal du logge av eller låse datamaskina (nytte skjermsparar).

Låsing av datamaskin:

Trykk Ctrl + Alt + Delete,
klikk «Lås denne datamaskinen»,
eller bruk Windowstast + L

Passord legitimerer deg som rettmessig eigar av brukarnamnet. Passordet er personleg, og skal ikkje opplysast til andre (heller ikkje IT-service). Passordet skal ikkje skrivast ned, dette gjeld òg gøymde gule lappar. Dersom andre har fått kjennskap til passordet, eller du har mistanke om at andre kjenner passordet, skal det skiftast med ein gong.

Endre passord:

Trykk Ctrl + Alt + Delete, klikk «Endre et passord…»

Passord skal veljast ihht gjeldande retningsliner for passordbruk i HFK.

Data, datautstyr og internett

Privat bruk av HFK sitt datautstyr er berre tillate i avgrensa omfang. Bruk i eigen næringsverksemd er ikkje tillate. Utstyret skal handsamast slik at det ikkje kjem på avvege. Å laste ned eller installere ny programvare frå ukjende leverandørar og/eller nettstader, er ikkje tillate utan godkjenning frå IT-seksjonen. Nedlasting må ikkje vere i strid med norsk lov, til dømes åndsverkloven.

Tilgang til Internett skal primært brukast som ei informasjonskjelde relatert til arbeidssituasjonen. All aktivitet på Internett kan loggast av omsyn til tryggleiken.

E-post frå din HFK-epostkonto er å sjå som brev med HFK sitt brevhode. Søppelpost, kjedebrev mv er ikkje tillate distribuert/vidareformidla. Registreringar på Internett eller liknande skal ikkje skje med di HFK-epostadresse utan at dette er naudsynt for arbeidet ditt ved HFK. Det skal visast aktsemd ved opning av e-post frå ukjente. Du skal ikkje klikke på linkar eller opne vedlegg i e-post frå avsendarar du ikkje stolar på.

Alle data skal lagrast på nettverket etter gjeldande reglar:

- HFK sine lagringsområder er nettverksdiskar med relevante tilgangar. Det vert tatt backup av desse områda.
- Data av privat art skal lagrast lokalt på eigen PC. Det vert ikkje tatt backup av harddisken på PC-ane, og HFK tek ikkje ansvar for denne informasjonen.

Personopplysingar

Sensitive personopplysingar skal vere kryptert viss dei vert lagra på eit mobilt lagringsmedium (t.d. PC, minnepinne, CD-plate eller mobiltelefon), eller ved distribusjon utanfor HFK sitt eige nettverk. Sensitive personopplysningar skal ikkje sendast i e-post med mindre dei er krypterte.

Det skal ikkje finnast personopplysingar eller anna konfidensiell informasjon liggande på skrivebord eller liknande (clean desk). Slik informasjon skal oppbevarast i låsbart skap.

Tilgangskort med tilhørande pin-kode

Tilgangskortet og tilhørande pin er personlege og må lagrast trygt og ikkje komme andre i hende. Tilgangskortet skal heller ikkje lånast til andre tilsette.

Rapportering av avvik

Tryggleikshendingar og mistanke om slike skal rapporterast til næraste leiar, som avvik i Kvalitetssystemet. Døme på slike hendingar er mistanke om misbruk av passord, stolen pc eller sending av sensitive personopplysningar i open e-post.

Fråsegn

Eg har gjort meg kjend med innhaldet i denne instruksen, og forpliktar meg til å etterleve desse krava. Eg forstår at forsettlig eller uaktsamt brot på fylkeskommunens retningsliner for informasjonstryggleik kan få konsekvensar for mitt arbeidsforhold. Brot på norsk lov kan meldast politiet, og kan resultere i erstatningsansvar og/eller straff.

Hordaland fylkeskommune kan ved konkret og grunngjeven mistanke om ulovlig bruk eller misbruk frå mi side, undersøke all min bruk av IT-systema. Hordaland fylkeskommune kan ved sakleg høve krevje innsyn i min verksemdsrelaterte e-post. Samtykke skal innhentast. Innsyn skal foretas av næraste overordna og ein representant for den tilsette.

_____ _____

Dato Signatur